

# Godtok at Krekar vart svartelista utan bevis



PÅ FNS SVARTELISTE: Mulla Krekar vart ført inn på FN si svarteliste som terrorist 7. desember i fjor, formelt etter krav frå USA. Den norske regjeringa hadde ingen innendingar sjølv om det ikkje fantst eit einaste bevis for påstandane. ARKIVFOTO: MORTEN HOLM, SCANPIX

**Stoltenberg-regjeringa hadde ingen motforestillingar mot at mulla Krekar vart førd opp på FN si svarteliste over mistenkte terroristar, utan bevis.**

VIDAR YSTAD

vidar.ystad@bt.no  
Oslo

Svartelistinga skjedde 7. desember i fjor etter at USA hadde fremst eit formelt krav om å få plassert Krekar på denne lista.

## Fekk materialet

På førehand hadde norske styresmakter via Utanriksdepartementet fått oversendt materialet som låg til grunn for kravet om svartelisting.

Varsel om planlagt svartelisting tok UD imot allereie 24. august i fjor. Opplysningane vart oversendt til Justisdepartementet same dag, opplyser UD.

Letterkant av svartelistinga har norsk politi og påtalemyndighet freista å framskaffe dokumentasjon som kan underbygge skuldningane. Konklusjonen er at det berre er snakk om reine påstandar utan dokumentasjon. Det var og er ingen bevis.

– Materialet som låg til grunn

for vedtaket i FN vart oversendt både frå amerikanske styresmakter og frå FN sidan det galdt ein person som var busett i Noreg, opplyser underdirektør Torfinn Rislåa Arntsen i rettsavdelinga i UD.

Materialet vart vidaresendt til Justisdepartementet for «distribuering til Justissektoren» ifølgje Arntsen.

UD har unntatte materiale frå innsyn etter paragraf 6.1 i offentleglova.

## Offentleg i USA

Men når Bergens Tidende presenterer for UD det materialet som ligg ope tilgjengeleg på det amerikanske Finansdepartementet sine heimesider på Internett, opplyser Arntsen at det er dei same opplysningane og gjeld dei same forholda som er omtala i begge dei to dokumenta.

Arntsen seier at UD likevel ikkje kan utlevere dei dokumenta ein har teke imot. Derimot vil mulla Krekar og advokaten hans kunne få slik tilgang.

– Det som ligg på nettet er ein kortversjon av det vi har teke imot. Vi i UD har ikkje vurdert gehalten i opplysningane, men registrert kva opplysningar amerikanarane har levert.

## Ingen reaksjonar

– Kva var føremålet med å sende

dokumentet over til Justisdepartementet?

– Det var todelte: for det første å gjere norske relevante styresmakter kjent med skuldningane. For det andre: dersom relevante styresmakter hadde opplysningar i saka som anten svekkja påstandane eller eventuelt underbygge eller styrkja påstandane, så kunne dei melde dette tilbake til oss. I neste omgang kunne vi supplere eller korrigere overfor FN. Men vi har ikkje fått noka som helst tilbakemelding, seier Arntsen.

Justisdepartementet tok imot tre varsel og dokument frå UD om saka. Alle tre dokumenta vart i tur og orden sendt over til riksadvokaten, opplyser avdelingsdirektør Knut Fosli i Justisdepartementet.

12. desember bad riksadvokaten statsadvokaten i Oslo og PST vurdere om svartelistinga burde resultere i ny etterforsking mot Krekar.

## Ingen dokumentasjon

I første veke kunne førstestatsadvokaten i Oslo, Lasse Qvigstad, opplyse til Bergens Tidende at det i denne saka er sett fram påstandar mot Krekar, men det finst ingen dokumentasjon eller bevis.

Politietts Tryggingsteneste, PST, har i meir enn eit halvt år undersøkt grunnlaget for påstandane

og skuldningane mot Krekar. PST har ikkje fått eit einaste dokument som kan underbygge påstandane.

Qvigstad stadfester at det er dei same forholda som framgår av dokumentet på det amerikanske Finansdepartementet si heimeside, som PST har freista å skaffe underbygging og dokumentasjon for.

## – Heilt uholdbart

Prosedyrane for innføring av namn på svartelistene er sterkt kritisert av forståande juristar verda over.

**Det er ikkje vore nokon eigentleg kontroll med opplysningane. Det er ingen «kontradiktorisk prosess slik at den som får retta**

## Ingen kontroll

**– Eg opplevde aldri at det var nokon «verifikasjonsprosess» for kontroll av opplysningar før eit namn vart førd inn på svartelista, seier Kjetil Stormark.**

Han gjorde teneste som presseråd ved den norske FN-delegasjonen i 2001-2002. I denne perioden sat Noreg i Tryggingrådet og var gjennom

## fakta

### «SYNDEREGISTERET»

Dette er skuldningane eller «syndereregisteret» mot mulla Krekar og som låg til grunn då han vart svartelista av sanksjonskomiteen i FN.

- I desember 2001 stifta Krekar ei kurdisk terroristgruppe, Ansar al-Islam, nå kjend som Ansar al-Sunnah (AS), og var den første leiaren.
- Våren 2005 sende ein ikkje-statleg organisasjon, grunnlagd av Krekar, pengar til terroristorganisasjonar og dreiv rekruttering av europeiske borgarar til terroristorganisasjonar. Delar av denne organisasjonen dreiv pengeinnsamling og rekruttering av folk til AS. Krekar organiserte pengeinnsamling til AS og dreiv med organisasjonsoppbygging. Ifølgje opplysningar kan Krekar i januar 2006 ha etablert eit nettverk som via kontaktar i Bulgaria og Irak overførte pengar til AS i Irak.

- AS skal ha stabla på beina to snikskyttargrupper i Irak. Stiftaren av desse gruppene har hevda å vere Krekar sin representant i Irak. Krekar reiste også regelmessig frå Noreg til kurdiske område i Irak. Under eit lengre opphald i Irak skal Krekar ha rekruttert og trene krigarar.

**skuldningane mot seg får høve til å imøtegå skuldningane eller forsvare seg.**

– Systemet er heilt uholdbart, har straffeprosessseksperten, professor Erling Johannes Husabø, ved Universitetet i Bergen tidlegare uttala til Bergens Tidende.

det også med i sanksjonskomiteen i FN.

Stormark seier at han i denne tida fylgde alle møtene i sanksjonskomiteen.

– Namna vart presentert og akseptert for svartelisting over bordet. Prosessen var ikkje haldbar, langt unna dei krav ein må stille til ei juridisk forsvarleg behandling, seier han.